

## Aasen i dag

Fingrane minnst  
det dei fyrr  
hava gjort.



## Møte og tilskipingar

**Utekonsert**  
med Fantefolk på Upsete fjell-  
stove laurdag.

**Stølsmesse**  
i Tjødarnhovden søndag,  
i regi av Vinje og Oppheim  
sokneråd.

**Konsert**  
på Øyjordsstølen på Oppheim  
søndag ettermiddag. Med  
Voss Spelemannslag og Voss  
ungdomslag.

**Frelsesarmeen Voss**  
har offentleg møte søndag.

**Utstilling på Bergslitræet.**  
Bergslitræet har søndagsope  
fram til 12. september.

**Voss Folkemuseum**  
presenterer den nye basisut-  
stillinga Utsyn mot Voss. Ope  
kvar dag i sommar, omvising  
kvar heile time.

**Voss kino**  
Sommarkino kvar fredag,  
laurdag og søndag fram til  
skulestart.

**Galleri N. Bergslien**  
i Eidfjord har ope tysdag til  
søndag kl 11-17 fram til 22.  
august.

**Voss skyttarlag**  
har jakttskyting med trening  
og skyteprøve på Skjerve sky-  
tebane. Start torsdag kl 17.30,  
sidan kvar måndag og torsdag  
til 2. september.

**Vossestrand skyttarlag**  
har jakttskyting med trening  
og skyteprøve på skytebana i  
Haugsvik. Fredagar og sonda-  
gar kl 18 til 5. september.

**Borstrondi skyttarlag**  
har jakttskyting med trening  
og skyteprøve på skytebana  
på Åsbrekke. Tysdagar og  
enkelte fredagar kl 17 til 31.  
august.

Fylg oss på  
**Snapchat**

Brukarnamn:  
avisahordaland



**FESTKONSERT:** NordAccordion vart måndag kveld avslutta med festkonsert. Det var elevane på festivalseminaret som spelte konserten i Osasalen på Ole Bull Akademiet. Mellom dei var Mari Øen (15) frå Ås i Viken. Ho har røtene sine på morssida frå Lofthus og Voss. ALLE FOTO: BJØRN SANDNES

# Avslutta festivalen med festkonsert

– Trass i avgrensingane som koronaen har laga, har festivalen vore ein stor suksess, seier festivalleiar for NordAccordion Ida Løvlie Hidle.

► **Bjørn Sandnes**  
bsa@avisa-hordaland.no

For tredje året vart trekkspeleffestivalen NordAccordion arrangert på Voss 4. til 9. august. Det var Løvlie Hidle saman med vossingen og accordionprofessor Geir Draugsvoll som starta Nordaccordion for tre år sidan.

Dei to fyrste festivalane vart arrangerte i 2018 og 2019, medan dei måtte ta ein pause i fjor grunna koronapandemien.

Måndag kveld vart festivalen avslutta med festkonsert i Osasalen, der elevane på sommarkurset til festivalen spelte.

**Nedskalert**  
Festivalleiar seier at dei måtte skalera ned festivalen i år på grunn av pandemien.

– Me har ikkje hatt så mange konsertar i år, og konserten med kinesiske Hanzhi Wang og Claudio Jacomucci frå Italia måtte me arrangera som nett-konsert. Me måtte òg setja ei grense på ti studentar på sommarkurset som alltid er ein del av festivalen, seier Løvlie Hidle.

**Utselde konsertar**  
Både opningskonserten med Jo



**FESTKONSERT.:** – Det var veldig kjekt å høyra på konserten med elevane på sommarkurset til festivalen, seier Kari Ullestad.

Asgeir Lie og Carl Petter Opsahl og solokonserten med Stian Carstensen var utselde.

– Me hadde også godt med publikum på lunsjkonserten på Stalheim Hotel laurdag. I desse tidene må me seia oss svært godt nøgde med at vossingane møtte fram på konsertane våre, seier festivalleiar Ida Løvlie Hidle.

**Høgt kunstnarleg nivå**  
Kunstnarleg leiar Geir Draugsvoll seier at festivalen har vore på eit kunstnarleg høgt nivå.

– Det er kjekt å kunna presen-tera lokale artistar på høgt nivå som til dømes Jo Asgeir Lie som

spelte opningskonserten saman med Carl Petter Opsahl. Me er òg veldig nøgde at me hadde med oss multimusikaren Stian Carstensen. Både musikalsk og ikkje minst underholdningsmessig var hans konsert fredag kveld ein kjempesuksess. Tidlegare på fredagen hadde han ein svært inspirerende workshop med studentane våre der han snakka mykje om improvisasjon, seier Geir Draugsvoll.

**Festkonsert**  
Det var elevane på sommarkurset til festivalen som stod for avslutningskonserten i Osasalen på Ole Bull Akademiet måndag kveld.

– Det var utruleg kjekt å spela konsert i kveld. Heile sommarkurset har vore gøy, interessant og inspirerende for meg som ung akkordeonist, seier 15-årige Mari Øen frå Ås i Viken.

Men ho har sterke røter på desse kantane. Mora Marta Gjernes har slekt på Voss, men vaks opp på Lofthus i Hardanger.

**Mykje forskjellig**  
Kari Ullestad (85) tykte det var veldig kjekt å høyra på dei unge akkordeontalenta som spelte konsert måndag kveld.

– Og få på Voss har høyrd meir akkordeonmusikk enn nettopp Kari Ullestad. Ho var gift med Olav Ullestad som gjekk bort i 2018.

Han reknast som grunn-



**UTSELDE:** Konserten med multimusikaren Stian Carstensen på Cafe Stationen fredag kveld var utseld og vart ein suksess for festivalen.

leggjaren av det einestående akkordeonmiljøet som vaks fram på Voss gjennom 70- og 80-talet.

Mellom elevane til Olav Ullestad var mellom anna Jostein Stalheim og NordAccordion sin kunstnarlege leiar, musikkprofessor Geir Draugsvoll.

– Det var mykje flott og forskjellig å høyra på, alt frå den mektige musikken til Sofija Gubaidulina til italiensk filmmusikk, seier Kari Ullestad.